

Amland Reiselivsutvikling  
Trond Amund  
Kjenndalsåsen 17  
5225 NESTTUNDato: 27.03.2015  
Vår ref.: 2015/248-4  
Saksbehandlar: mardixo  
Dykkar ref.:

## Melding om kontraktstildeling i forenkla førespurnad om Prosessleiar cruise strategi for Vestlandet - Amund Reiselivsutvikling

Vi takker for dykkar tilbod i den ovannemnde konkurransen.

Etter evaluering av tilboda er vi komne til at kontrakten skal tildelast Amund Reiselivsutvikling.

Vi vil i det følgjande grunngje valet av leverandør i samsvar med forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) § 13-3 første og andre ledd jf. § 11-14 første ledd.

Tilboda er vurdert etter dei oppgjevne tildelingskriteria i konkurransegrunnlaget, som inneber at kontrakt skal tildelast den som har gjeve det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, basert på følgjande tildelingskriterium:

Nr	Tildelingskriterium	Vekt
1	Pris	30 %
2	Kvalitet	50 %
3	Leveranse og kapasitet	20 %

Amund Reiselivsutvikling har etter vår evaluering gitt det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, basert på desse kriteria. Dette var også det tilbodet som hadde oppgitt lågast timepris.

### Nærare grunngjeving:

Totalt kom det inn 3 tilbod. Alle tilbydarane var kvalifisert for deltaking i konkurransen.

*Grunngjeving i tråd med foa. § 11-14 første ledd: « Oppdragsgiver skal i begrunnelsen opplyse navnet på den som fikk kontrakten eller rammeavtalen og gi en redegjørelse for det valgte tilbudets egenskaper og relative fordeler i samsvar med angitte tildelingskriterier. »*

Tilbodet frå Amund viste særleg god forståing av løysingar som er naudsynte for å sikre eit godt resultat med høve til forankring av strategien.

Frist for å setje fram eventuelle innvendingar mot avgjerda og utløpet av karenstida er sett til måndag 13.04.2015, jf. foa. § 13-3 første ledd. Det vert gjort merksam på at Oppdragsgjevar ikkje kan inngå kontrakt før etter denne dato. Eventuelle innvendingar må sendast på e-post til [ingrid.roynstrand.birkelund@hfk.no](mailto:ingrid.roynstrand.birkelund@hfk.no).

Vi vil ta kontakt med dykk når karenstida er over for å avtale underteikning av kontrakt og oppstart av arbeidet.

Mette Nora Sætre  
Leiar

Marta Rongved Dixon  
Spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*